

Kyrkjeklokka

Nr 4 - 2014

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

78. årgang



Jula 2014



Foto: Runar Sandnes

*”Og Herrens herlegdom lyste kringom dei”-
både på Betlehemsmarkene og over indre Nordfjord.*

Adventslys

~ Tekst: Mari Saltkjel ~

Det folk som vandrer i mørket, skal få se et stort lys. For dem som var nær. For oss som er langt borte. Et menneskebarn, født av fattige foreldre på vei til å skrives inn i manntall i et okkupert land. Et menneskebarn, som i sin utsatthet og maktløshet var, er, og være skal – Fredsfyrsten, underfull og veldig. Fattigdom og flykt var hans livs første korsplass. En menneskesønn som skulle bære et mysterium i seg når han ble stor. Forbilde og medvandrer for alle folkeslag. Fattigdom og flykt var hans livs første korsplass. Han gav oss hvetekornets livsmønster. Han viste oss veien fra død til liv.

Vi tenner våre lys –

For at de skal vekke lyset i oss og bære oss videre.

For håpets tegn i en verden full av smerte, lidelse og død.

For det som er virkelig og verdifullt i våre liv.

Vi tenner våre lys –

Fordi Gud har forenet seg med menneskeligheten og stadig er nærværende i sin skapelse.

For julens under – at Gud møter i det dypest menneskelige og i det vernløst utsatte.

For vår lengsel, våre drømmer og vårt håp i hver dags møte med den andre.

For en fordypet solidaritet mellom alt levende.

Vi tenner våre lys –

Fordi Kristus er veien, sannheten og livet.

For at vi skal få snakke sant om våre egne liv.

For at vi skal få snakke sant om vår kraft og vår skjørhet.

For at kraften skal vokse ut av svakhet og utsatthet.

Vi tenner våre lys –

Fordi Kristus møter oss fra framtiden, der Guds rike finnes fullt og helt.

For Guds rike. Synlig i de armes glede og

knuste hjerters trøst.

For Guds rike. Synlig når fanger får sin frihet og flyktninger finner et hjem.

For at alle, levende og døde, får finnes i Guds kjærlighets lys.

Det folk som vandrer i mørket, skal få se et stort lys.

Gud, vi ber Deg.

La oss se lys i ditt lys.

Nærmere. Dypere. Varmere. Levende.

Gud, vi ber Deg.

La ditt rike komme.



Advent

Historia om dei fire adventslysa

Fire lys brann på advents-kransen. Det var heilt stille, så stille at ein kunne høyre lysa snakke til kvarandre.


Det fyrste lyset sa: "Mitt namn er fred. Eg skine klart, men menneska vil ikkje ha fred, dei vil ikkje ha meg". Lyset blei mindre og mindre, til slutt sløkna det heilt.

Det andre lyset sa: "Mitt namn er tru. Men eg er blitt overflødig. Menneska vil ikkje vite av gud lenger. Det er meiningslaust at eg brenn". Så sløkna det andre lyset.

Sturen og med låg stemme sa det tredje lyset: "Mitt namn er kjærleik. Eg eig ikkje lenger kraft til å brenne. Menneska overser meg. Dei ser berre seg sjølv og ikkje dei andre som dei skulle elska". Også det tredje lyset sløkna.

Eit barn kom inn i rommet, såg på lysa og sa: "De skal då lyse og ikkje sløkne", med auga fulle av tårer. Då høyrdest plutseleg stemma til det fjerde lyset: "Vær ikkje redd! Så lenge eg brenn, kan vi tenne dei andre lysa igjen. Mitt namn er håp".

Då tok barnet ein flamme frå håpets lys med ei fyrstikk og tende alle dei andre lysa igjen...



Ei riktig god jul og eit velsigna godt nytt år til alle.

Redaksjonen takkar alle bidragsytarar for hjelp med innhaldet i Kyrkjeklokka. Utan dykkar hjelp vert det ikkje noko blad.



ADVENTSSONG

Mel: No tennes tusen julelys
No tenner vi det første lys,
Åleine må det stå.
Vi ventar på det vesle barn
I krubba lagt på strå.

No tenner vi det andre lys,
Dei står der stilt og skín.
Vi ventar på at Gud, vår Far,
Vil sende Sonen sín.

No tenner vi det tredje lys,
Det er eit heilagt tal.
Vi ventar på at Kongen vår
Skal fødest i ein stall.

No tenner vi det fjerde lys,
Og natta vert til dag.
Vi ventar på ein Frelsarmann
For alle folkeslag.

Sigurd Muri

Konfirmantjubileum 2014 i Innvik prestegjeld

Konfirmantjubilantane i Olden

Søndag 14. september hadde soknerådet i Olden invitert tidlegare konfirmanter til jubileumsfeiring. Både 50-, 60-, 70- og 80-årsjubilatar var med på gudstenesta i Olden kyrkje der også årets nye konfirmanter vart presenterte. Deretter var det samling i Singerheimen med god middag og kaffi. Fleire langvegsfarande hadde teke turen, og det var mange hjartelege gjensyn. Gamle minne vart oppfriska, og historier vart delte. Dei vakre rammene som Singerheimen gjev, var og med på å gjere dagen til ei minnerik oppleving. Konfirmant-jubilantane samla vi framfor kyrkja etter gudstenesta for å ta bilete av dei.



80-års-jubilantar Milda (Kvame) Skarstein, Jakob Kvamme.

70-års-jubilantar Jenny (Gjerde) Strømmen, Haldis (Løken) Vågenes, Helene (Vangberg) Brynstad, Randi (Skarstein) Ese, Solbjørg (Falkevåg) Sætren, Arne Johan Nettland, Olav Kvame.

60-års-jubilantar Jenny (Aaberg) Langøy, Ingebjørg Dorthea (Kvame) Kesseboom, Per Fløtre, Per Skarstein, Oddvar Auflem, Lasse Strand, Svein Fredrik Indrebø.

50-års-jubilantane Berit (Folven) Bergesen, Anne Berit (Auflem) Bjørdal, Hildegunn (Galtung) Nilsen, Anne Margrete (Gjerde) Hansen, Dagbjørg (Melkevoll) Engedal, Audny (Yri) Kvame, Svein Muri, Per Wilhelm Skarstein, Bernhard Brynstad, Jarle Brynstad, Jan Erik Skarstein, Ragnar Skarstein, Gunnar Sunde, Inge Sunde.

Konfirmantjubilantane i Innvik og Utvik

Søndag 7. september var tidlegare konfirmanter samla til jubileumsfeiring i Innvik kyrkje. Både 50-, 60- og 70-årsjubilantar var med og dei nye konfirmanter av året vart presenterte. Etterpå var vi samla på Innvik fjordhotell Misjonsheimen til middag og ei kjekk mimrestund. Det er alltid kjekt å treffe igjen jamnaldringane frå konfirmasjonstida for å friske opp gamle minner og for å høyre korleis det står til. Kjekt er det òg å få helse på ekte-makane til dei som hadde desse med.



Framme f. v. 70-års jubilantane

Bjarne Jonsson, Oddlaug Hammer, **Andre rekke f.v.** Sokneprest Runde,

60-års jubilantane Harald Fosheim, Erna Nygård Osvoll, Gunnlaug Hammer Melbye, Ingrid Hole Lindvik, Marta Kårstad Hundsnes, Audgunn Nygård Karlsen, Synnøve Solheim, Liv Drageset, Marit Skrede, Britt Nes Hjelle, Lars Tisthamar, Bjarne Gald, Gunnvald Frøyset

Bakerst f.v. 50-års jubilantane

Audun Egge, Kari Ann Hilde Tofte, Magni Tvinnereim, Jon Arne Hilde, Ragnhild Roset, Jon Ulvedal, Gunn Marit Heggdal Ravnstad, Svein Nygård, Kristi Gundersen, Unni Elin Guddal, Aud Svarstad



Kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar
i Hornindal og Stryn kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik
6788 Olden, tlf 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 – 12
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Vikarprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

KYRKJEVERJER

Stryn kommune

Lise Katrin Hetle
Tlf 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
lise.hetle@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Kontortid:
Måndag og torsdag 09 – 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Dra krakken bortåt glaset !

Gjennom lange tider har julehelga vore den mest samlande festen både for familiar og grannelag, og det er liksom inga grense for kva som skal førebuaast, - og i neste omgang gjenomførast. Juleferie, juletre, jule-ribbe, julegåver og julegjestebod er nokre eksempel på aktivitetar som er meir eller mindre sjølvskrivne.

Men av og til stoggar eg opp og tenkjer: *Var dette alt? Og kva var det som mangla?*

I tanken set eg meg då ved sida av Alf Prøysen når han inviterer til å "Dra krakken bortåt glaset, så sett vi øss og ser og prøve finne leia der julestjerna er –"

Og 100 år etter Prøysen sin fødsel har denne visa no fått plass i den nye salmeboka, - og med god grunn. Her skrellar han av alt utanom- snakk, og på sin folklege måte går han til kjernen i saka.

Alt det andre er menneskelege påfunn og aktivitetar, nokre av dei i ytterkanten av det jula står for. Men her gjeld det å fjerne innpakninga og kome inn til Julegåva med stor J, og der finn vi bodskapen frå Betlehemsmarkene:

« I dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids by. Han er Kristus Herren! »

Så er ikkje jula i fyrste rekke ein nostalgisk repetisjon av gamle tradisjonar, men ein høgst aktuell realitet, eit tilbod til ei forskrudd verd der mange etter kvart prøver å latterleggjere både englesongen og barnet i krubba. Eg har eit råd til deg som les dette: Dra krakken bortåt glaset, - du og! I tankane kan vi då ri saman med vismennene: *« Dom rei i flere da'r, og ingen visste vegen og itte hen det bar ».*

~ Alv O.
Bergset ~



Vi kan ikkje skulde på manglande kunnskap om vegen. Rett nok har vi ikkje den same stjerna som til slutt stansa over stallen i Betlehem. Men gjennom hundre-

*Eg må
likevel vedgå at eg heimanfrå,
og i klåre vinterkveldar, har prøvd å saumfare
stjernehimlen i von om å finne
mi eiga Betlehemsstjerne*

der av år har julebodskapen lydd i kyrkjene, i skulane og i heimane, ein radikal bodskap om fred på jorda og glede mellom menneska. Eg må likevel vedgå at eg heimanfrå, og i klåre vinterkveldar, har prøvd å saumfare stjernehimlen i von om å finne mi eiga Betlehemsstjerne. Der er nok stjerner å velje mellom.

Men langt meir handfast vart det for meg då eg for mange år sidan fekk stige inn i Fødselskyrkja som er bygd der ein trur at stallen låg, og vidare ned i grotta under kyrkja, ei grotte som markerer sjølv fødestaden. Der og då kjende eg at eg stod på heilag grunn. Her var det at det skjedde. Her var det at verdssoa tok ei ny vending, ei vending som vart fullført på Golgata ein mannsalder seinare.

Då eg gjekk ut att i det myldrande folkelivet den dagen hadde juleforteljinga fått ein ny dimensjon for meg, og stunda der nede i grotta vil også i år vere bakteppe når eg høyrer den glade bodskapen på ny.

Halleluja! Og God jul!



~
Av
Jon
Ytrehorn
~~

”Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv!” Slik skreiv Arnulf Øverland i diktet ”Du skal ikke sove”. Bakgrunnen var kampen mot den tyske okkupasjonsmakta under krigen. Diktaren Øverland var ein aktiv motstandsmann.

EG HAR lyst å bruke dei same orda om ein annan kamp som i dag kallar på alle gode krefter. Kampen mot ei klimaendring som trugar med å øydeleggje kloden vår. FN sitt klimapanel med fleire hundre forskarar frå heile verda la nyleg fram ein rapport om klimatilstanden på jorda. Dei konkluderer med at held utviklinga fram som no vil det føre til dramatiske forverring av livsgrunnlag og levekår for menneske over store deler av jorda.

VARSELTEIKNA er mange: Isen på Grønland og i polområda smeltar faretruande raskt. Meir ekstremvær er i vente, med fleire flaumar i nedbørsrike område og hardare tørke i tørkeramma land. Matmangel og svolt vil krevje nye liv. Og det alvorlege er: Det er dei fattigaste på jorda som vil bli råka hardest! Vi i Vesten, som står for dei største utsleppa av CO₂, er dei som blir minst råka. Held vi fram som før med vårt enorme forbruk blir vi medansvarlege for liding og død hos våre fattige sysken andre stader på jorda! Vi kan diskutere til vi blir utmatta om kor mykje av klimaendringane som er naturgjevne kontra dei som er menneskeskapte. Men vi kan ikkje la vere å handle. Usikkerheita

Takk!

Dette vert siste TANKAR LANGS VEGEN eg skriv i Kyrkjeklokka. Etter 14 år med fast spalte finn eg det no rett å slutte av. Eg vil takke redaksjonen for tillit og oppmuntring. Takk også til lesarane for tilbakemeldingar både av ris og ros. Ynskjer alt godt for Kyrkjeklokka vidare.

Jon Ytrehorn.

Tankar langs vegen...



Bør kyrkja engasjere seg i klimakampen?

må kome framtidige generasjonar til gode. Inge Eidsvåg, styremedlem i Besteforeldra sin klimaaksjon, seier: Dersom FN sitt klimapanel tek feil, får vi ei reinare jord. Dersom dei såkalla klimarealistane tek feil, vil kloden vår bli nedbroten!

EIT NEDBROTE skaparverk er eit brotsverk mot etterkomarane våre og eit hån mot Skaparen. På Bibelen sitt første blad møter vi

to sentrale

bods-

ka-

par:

Gud

kallar

men-

neska til både

å dyrke jorda (1. Mos 1,28) og

å verne om jorda (1. Mos 2,15). Vår

generasjon har vore flinke til det første, men sløve når det gjeld det siste. Det er på tide å vakne og handle.

Det gjeld både på det kollektive og det individuelle planet. Men her er det viktig at motivet for handling blir positivt. Det handlar ikkje først og fremst om alt vi skal slutte med. Det handlar om alt vi bør starte med! La oss ta oljen som eit døme. Personleg meiner eg at vi no bør trappe ned utvinninga av olje og i staden satse aktivt på fornybar energi. Men då krevst det ei målretta satsing på nye arbeidsplassar, og dei bør vere klimavennlege. Her har andre land i Europa vore langt flinkare enn vi. M. a. har vi mykje å lære av Tyskland.

INGEN TEK SKADE av å gå over til eit enklare og meir miljøvennleg levestett. Då er vi med og bergar liv til dei fattigaste på jorda, og vi gjer livet rikare for kvarandre. Sokneråda i Nordfjord har fått oppmoding frå bispedømeråd, prost og prostiråd om å bli såkalla ”Grøne kyrkjelydar”. Ved å gå saman med gode krefter i lokalmiljøet om klimavennlege og ressurssparande tiltak,

m. a. gjennom aksjonen ”Kast ikkje brukbar mat!” Somme vil kanskje seie: Er dette oppgåver som kyrkje og sokneråd bør engasjere seg i? Er slikt åndelege nok?

HER ER to grøfter å falle i: Den eine er å definere tiltak for vern om skaparverket som ei oppgåve utanfor kyrkja og kristne sitt ansvarsområde. Men med ei slik innstilling fornekter vi Skaparen

sitt kall til oss om

å verne

Ingen tek

skade av å gå over til eit enklare og meir miljøvennleg levestett. Då er vi med og bergar liv hos dei fattigaste på jorda, og gjer livet rikare for kvarandre .

om

jorda og

om våre medmenneske.

Den andre grøfta er å la klimakamp bli kyrkja si hovudsak. Då lever vi som om Guds frelsesverk i Jesus Kristus ikkje lenger er sentralt! Då vil kyrkja ikkje lenger kunne vere kyrkje. For ved dåpen og trua er vi kalla til å ære vår treeinige Gud med våre liv, og til å leve som hans born - med både skaparverk og frelsesverk som kjelde for tru og teneste.

Noverande og tidlegare redaktørar takkar Jon hjarteleg for alle ”Tankar langs vegen” du har berikt oss med desse åra. I tillegg har du skreve fleira andre artiklar i Kyrkjeklokka, samt vore ei stor støtte med gode idéar for noverande redaktør. Og ei takk til Elin for hennar arbeid i ”kulissane” heime hjå deg. De utfyller og hjelper kvarandre. No når du sluttar med Tankar langs vegen, håpar vi at vi framleis vil få glede av dine bidrag til bladet når du ynskjer det. Men om Jon sluttar med Tankar langs vegen, så fortset den med ny forfattar. Kven det er held vi foreløpig hemmeleg og avslørar det i neste nummer av Kyrkjeklokka, følg med! Og så ynskjer vi Elin og Jon alt godt vidare inn i pensjonistliv.

Redaksjonen

Verdien av verdjar

~ Anne Stubdal ~

Vi som var med på kyrkjedagen for Nordfjord på Nordfjordeid laurdag 18. oktober 2014, fekk gleda av å møte ein svært engasjert og inspirerende 79-åring, som hadde mykje på hjartet. Gunnar Stålsett har gjennom si prestegjering, biskopgjering og ikkje minst gjennom sine mange tillitsverv i nasjonale og internasjonale organ mykje erfaring og kunnskap å dele.

Stålsett starta med å forklare at teologi betyr "læra om Gud", men det er også læra om menneske, menneskesyn, individ og samfunn. Derfor må teologi og politikk møtast og ikkje spelast ut mot kvarandre. Det kristne verdisyn er ikkje ulikt andre verdisyn, og temaet GUD er ein felles verdi for dei fleste menneske. Religionen formidlar verdjar, uavhengig av tid og rom.

Han poengterte at verdjar og verdisaker ikkje er det same. Materiell rikdom og verdisaker er ikkje det viktige. Verdjar skal vere med på å styre våre viktige

val. I vår reviderte grunnlov står det i §2 at vi har eit kristent og humanistisk verdigrunnlag. Rettferd, likeverd og likestilling er sentrale verdjar, og dette er også grunnleggande kristne verdjar.

Han viste til tida som ein verdi. Materiell rikdom er avgrensa, men tida har vi alltid, og korleis vi nyttar tida har stor betydning.

Solidaritetstanken var også sentralt i budskapet hans. Solidaritet og omsorg, både nasjonalt og internasjonalt. Hans globale engasjement er vel kjent for dei fleste, og han fortalte m.a. om si deltaking i det europeiske råd for religiøse leiarar – "Religions for Peace" som samlar leiarar for 7 ulike religiøse samfunn - for å arbeide saman for menneskeretter og felles verdjar. Kjærlighetsboda er eit felles verdigrunnlag for alle desse. Teologisk overbygning er ulik, men resultatet kan vere felles.

Det globale engasjementet er viktig i

alle verdidebatter.

I dag ser vi tendensar til fallande samfunnsengasjement og eit meir egoistisk verdisyn. Sjølvrealisering og sjølvnyting synes å vere stadig viktigare, og fleire er spørjande til alle autoritetar. Det er viktig at kyrkja er deltakar i samfunnsdebatten, og det er viktig at samfunnet bidrar i kyrkjedebatten.

Vi fekk også høyre at toleranse og respekt er viktige verdjar, og at dialog fremmer fellesskap. Dialog mellom ulike religiøse retningar skaper anerkjening og fellesskap, og dette er også sentralt i FN sitt menneskerettighetsbegrep.

Dette er berre nokre lause stikkord frå eit sær innhaldsrikt og spennande foredrag. Eg og mange med meg sit att med mykje ettertanke og inspirasjon, som vi håpar vi kan ha nytte og glede av både i og utanfor kyrkjeleg arbeid vidare.

SPEIDARANE ETTERLYSER - 1

Speidarhuset er på berre 36 kvm + eit tilbygd lager på nokre få kvm. Difor er vi på leiting etter eit "fjernlager" der vi kan lagre det som blir brukt berre eit par gonger i året, - dei største telta våre og nokre kasser. Lageret bør ligge i rimeleg avstand til sentrum, vere tørt og lett å kome til med bil/hengar. Skulle nokon ha ein lagerplass dei vil hjelpe speidargruppa med, er det berre å ringe Jarle (95724205).

Vi skulle også hatt ein plass der vi kunne rygge inn hengar med kanoar for vinterlagring.

Speidarane etterlyser - 2

Når ein speidar sluttar, er det vanleg at skjorte og skjerf blir leverte inn. Av og til blir det gløymt av og så vert dei liggande i ei skuff. No treng vi alle skjorter vi kan finne (grøne). Å kjøpe nye er kostbart, så hjelp oss å få inn skjorter og skjerf. Levering til Jarle, Henny eller ein annan av leiarane.

NRK sin Helge Gudmundsen til Stryn i mars 2015

Programposten "Salmer til alle tider" kvar søndagskveld på NRK P1 har ein stor lyttarskare. Ansvarleg for denne sendinga er Helge Gudmundsen. Han er også ein flink forteljar og kåsør som mange med glede høyrer.

Kyrkjeklokka kan no melde at Helge Gudmundsen har sagt ja til å kome til Indre og Midtre Nordfjord til våren.

Onsdag kveld 11. mars har han salmekveld for heile Indre Nordfjord i Nedstryn kyrkje.

Kvelden etter har han tilsvarende salmekveld i Eid kyrkje.

Merk datoane alt no. Vi kjem tilbake med nærmare program i neste nummer av Kyrkjeklokka.

Kyrkjeringen i Nedstryn – eit gode for kyrkjelyden

~ Jarle Hessevik ~

Opphavet og formålet

Vi går tilbake til året 1979, altså no 35 år sidan. Nina Matre hadde med ideen og vart drivkrafta for arbeidet så lenge familien budde i bygda som prestefolk. Nina var også den første leiaren for kyrkjeringen. På den aller første sida i referatboka skriv Helma Krumsvik: «Mange fant interesse i å være med på denne (kyrkjeringen), både for å skape noe, for å være saman med andre, og ikke minst for å støtte en meget god sak, nemlig kyrkjelydsarbeidet.» Stort betre kunne nok ikkje formålet med tiltaket beskrivast, og slik er det gjerne den dag i dag, sjølv om mykje har blitt endra undervegs.

Mange har omtanke for m.a. barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, men kan sjølv ikkje ta på seg leiaroppgåver. Dei tykkjer då det er fint å kunne bidra med arbeid som gir økonomisk handslag til det daglege kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjeringen skal vite, at dette vert sett pris på.

No er Solveig Lunde Rønne leiar.



Leiar Solveig Lunde Rønne (t.h.) saman med to gode medarbeidarar, Petra Sunde og Sigrid Paulsen. (Foto: Svein/Solveig Rønne)

Ho vart vald inn i styret i 1992 og vart leiar i 1995 - og har vore leiar sidan då. Det står det respekt av. Når vi spør Solveig om det er noko spesielt vi må hugse å nemne, seier ho at Kyrkjeringen er umåteleg takknemleg for den positive innstillinga dei møter hos bygdefolket, og ikkje minst hos handelsstanden. Det gir dei trua på at dette er noko alle ønskjer å støtte.

Når ein les referatboka, kan ein lese at aktiviteten i Kyrkjeringen har vore ei herleg blanding av praktiske gjeremål, fordele ansvar for det som skal gjerast, drøfte støtte til ulike formål, synge salmar, lese andakter og bibelord, drøfte basargevinstar og «forretningsidear», omtanke for andre, - og sjølv sagt pengar.

I 2007 hadde Fjordingen eit oppslag der dei skreiv at Kyrkjeringen hadde samla inn over ein million kroner til kyrkjelydsarbeidet, og meir er det sjølv sagt blitt etter den tid. Alt det første året hadde julemessa ei omsetjing på 51.000 kr (35.000 kr netto) og det er var ein betydeleg sum for 35 år sidan. Alle åra ein hadde felles messe for heile prestegjeldet, var inntektene høge og tidleg på 80-talet var bruttoinntektene på godt over 70.000 kr. Etter år 2000 har Nedstryn åleine hatt stabile inntekter på julemessa, - loddsal, varesal og kafé, på 50-60.000 kr brutto.

Julemessa

Den første julemessa vart halden på Tonning skule helga ved 1. søndag i advent 1979. Sidan den tid har julemessa vore fast adventssamling i Stryn sentrum. Det er blitt fast tradisjon at ein startar med å synge «Gjer døri høg, gjer porten vid», - deretter andakt ved soknepresten og så startar salet.

Frå starten var Nedstryn, Loen og Oppstryn sokn saman om julemessa, og møteboka fortel at det var om lag 60 kvinner som møttest jamleg til Kyrkjering i dei tre sokna. I tillegg står: «Også noen menn drev på enkelte kvelder med snekring...» Dette samarbeidet vart avslutta i 1986. Då fekk Loen og Oppstryn sokn oversendt 5000 kr kvar som «sluttoppgjer» då dei delte kassa. Sidan har Nedstryn hatt julemesse for seg sjølv medan dei andre sokna har gått meir over til kyrkjelydsbasar. Oddlaug Flo, som heile tida har hatt ansvar for å føre rekneskapen for Kyrkjeringen, fortel at det den første tida kom mykje flotte varer til messa frå alle bygdene rundt om i sokna og at det vart lagt ned eit stort førearbeid mange stader.

Kyrkjeringen i Nedstryn hadde lenge møta sine på kantina i «Sunnmørsbanken» og lenger oppe i bygda var det stor aktivitet på Gildevang. Det var møteverksemd både haust og vår og det fungerte om lag som ei tradisjonell foreining. Mange av salsprodukta vart laga der. I tillegg laga folk ting heime, som dei kom med når messa skulle riggast til. No er det ikkje så mange foreiningsmøte att, men ein fast gjeng som møttest til juleverkstad der det m.a. vert laga fine kransar for sal på messa.

Dei første åra vart messa avslutta med adventssamling i Samfunns- huset med fullt hus og omfattande program, som ei innleiing til adventstida. For mange er julemessa enno ein samlingsplass som er langt meir enn ei salsmesse, - det er god mat i kaféen og det er alltid mogeleg å treffe kjende. Julemessa har såleis også vore ein sosial samlingsplass og ein adventstradisjon. Litt program

har det også gjerne vore dei seinare åra, - ved til dømes barnekor og speidarar.

Forandringar gjennom åra

Dei første åra var julemessa eit omfattande arrangement, som varte i tre dagar. Det starta med opning og sal på fredag ettermiddag. Salet



Gerd Kyrkjeeide med ein del av strikkevarene.
(Foto: Svein/Solveig Rønne)

heldt fram på laurdag og advents-samling søndag. Julemessa brukte Tonning skule i mange år, men har prøvt ut fleire lokale, - eit tomt butikklokale i Midtby, det nye kulturhuset og endeleg Betania i 1993. Der har julemessa halde til sidan. Omfanget vart frå 1986 redusert til ein dag, laurdag.

Å ha tre dagars messe kravde sitt, både av mannskap og vareutval. Oddlaug fortel at dei gøymde unna deler av varelageret til laurdag slik at ikkje alle dei mest populære varene skulle bli utselde på fredag. Slik var det når etterspurnaden var stor, - ein måtte ha sine triks.

Varene på julemessa har vore mykje handarbeid (det har vore selt ganske så mange par tjukkelestar), heime-

laga bruksgjenstandar, julepynt og ikkje minst julekaker, julebrød, lefser og andre matvarer. Det er mange som har gjort unna «julebaksten» på ein ti-minuttars handlerunde på julemessa.

Alle hugsar dei store og søte pepparkakehjerta som lenge har vore selde i eige kakeutsal. Vi gjer vel heller ingen urett om vi dreg fram dei gode lefsene som Marie Garlid baka i mange år, likeins julesnadder og spesialgodt på glas som Birgit Tonning har levert.

På dei første julemessene var det også til sals ein god del trevarer, men det har det blitt mindre av gjennom åra. Underteikna hugsar godt arbeidsøktene på Tonning Møbel, der sagblad og pussemaskiner surra til langt på kveld. Det vart laga ein serie med gyngestolar som gjekk som varme kveitebrød, - det kom folk eins ærend frå Hellesylt for å kjøpe. Det vart laga skjerefjoler, brannfarlege lysestakar og serveringsbrett som vart skorne ut på bandsag, på høgkant. Det er godt at det ikkje gjekk med fingrar. Etter kvart er det mest Asbjørn Alden som har levert trevarer til messesalet.

Utviklinga av julemessa har sakte men sikkert dreia frå å ha eit rikt spekter av varer til å handle mest om handarbeid og pyntegjenstandar – og julebakst av mange slag. Kake-



Den populære gyngestolen, som enno har eit liv i Bruagrenda, hos Oddlaug og Lyngve Flo. (Foto: Lyngve Flo)

salet er det som tydeleg fangar den største interessa i nyare tid og det er ved kakedisken at køane er lange. Det andre økonomiske fundamentet i julemessa, er loddsal og åresal. Dette har alltid vore viktig for resultatet, men i starten utgjorde varesal og kakesal opp mot 70% av inntekta. No står salet for ca 30% av inntekta. Kanskje kan ein då seie at også julemessa i Nedstryn etter kvart meir og meir blir ein kyrkjelydsbasar. Det flotte er likevel at alle delar, - kafé, loddsal og sal av varer og bakst, til saman gir eit godt økonomisk handslag til kyrkjelyden sitt arbeid. Difor er julemessa og Kyrkjeringen uunnverleige for Nedstryn sokn. Difor skal også alle som yter ein innsats på ein eller annan måte, ha stor takk.

Kakesalet samlar alltid mykje folk
(Foto: Svein/Solveig Rønne)



Korleis Hornindal kyrkje er utforma - del 2

~ Emilie Hofseth ~

Teiknebrett

For å gjere gudstenesta kjekkare for borna, vart det tidleg på 90-talet utvikla ein ide om teiknebrett. Det var dåverande sokneprest Øystein Frivold som utvikla ideen saman med ei gruppe foreldre og kateketen, som gikk ut på at borna skulle få utdelt teiknebrett med teikningar over dagens preiketekst. Det vart laga teikningar for kvar gudsteneste i kyrkjeåret, til saman 120 teikningar. Under salmen før preika vart teiknebretta delt ut av konfirmantane, og førte til at barna fekk meningsfull aktivitet, medam foreldra fekk ro. Ideen om teiknebrett vart marknadsført og selt til kyrkjelydar landet over. I 2006 var det ca 200 prestegjeld/sokn som hadde teke i bruk teiknebrettprosjektet frå Hornindal prestegjeld. (Ytreshorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

Bornas kyrkjestola

Kyrkja har hatt fleire tiltak for å engasjere fleire born, og eit av dei er "bornas kyrkjestola", som var eit samarbeid mellom Hornindal skule og kyrkja. Dette hadde bakgrunn i at biskop Ole D. Hagesæther i samband med sin 60-årsdag i 2001 utfordra alle kyrkjelydar i Bjørgvin bispedømme om å ha eit "bornas år". (Lødemel, Halvdan. 2006:64) I Hornindal vart "bornas kyrkjestola" laga. Stolaen skulle vere til bruk under familie- barne- og skulegudstener. Prosjektet vart positivt motteke av både lærarar og born. Det vart laga ein stola med kvit og fiolett botnfarge med mange bibelske symbol på. Ein av skulane i prestegjeldet laga symbol med borrelåsfeste slik at ein kunne skifte ut ved behov. Resultatet av kyrkjestolaen var auka kunnskap om kyrkjelege symbol hjå

både elevar og lærarar, og eigarforhold til stolaen hjå elevane. Då borna såg prest eller kateket ta i bruk stolaen, vekte det både gjenkjenning og stoltheit. (Ytreshorn 20.01.14, (personleg korrespondanse))



Jon Ytreshorn i "bornas kyrkjestola"

Kateketstillinga

I 1978 oppretta Hornindal kateketstillinga, som den andre kommunen i Sogn og Fjordane. Slik kunne presten overlata storparten av kyrkja sitt pedagogiske arbeid til kateketen som hadde lærar- og kateketutdanning og kyrkjeleg praksis. Eg har prata med den første kateketen i Hornindal, Jon Ytreshorn. Han vart seinare prest, og er no pensjonert. Han legg vekt på tre ting. Det første er at kyrkja i dag har fått ansvaret for trusopplæringa til alle sine døypte. Dette gjer at det er heilt avgjerande og nødvendig at kyrkja

får pedagogisk kvalifisert personell. Desse har ansvaret for å ivareta oppgåva om trusopplæring på ein god måte, som fører til ivaretaking av mål og intensjonar i lokale planar. Ytreshorn understrekar at erfaringane i Indre Nordfjord har vore gode og vellykka.

Kyrkja og skulen

Det andre Ytreshorn legg vekt på er at til tross for at KRL-faget har gått over til RLE, må dette ikkje nødvendigvis føre til at banda mellom skule og kyrkje vert svekka. Det er framleis mange berøringspunkt mellom skulen sitt RLE-fag og formålsparagraf på eine sida og kyrkja sin Trusopplæringsplan på den andre sida som innbyr til kontakt og samarbeid. Det tredje og siste Ytreshorn trekk inn, er tillit og openheit. Det er viktig å møte kvarandre med desse to verdiane, og ikkje minst viktig med respekt for kvarandre sitt mandat og eigenart. Det er mykje å formidle av historie, kultur og menneskelege livsopplevingar, og difor er kyrkja ein viktig institusjon i eit lite lokalsamfunn som Hornindal. Formidlinga må gjerast på ein måte som tek vare på borna sin integritet, slik at det blir ein rikdom for borna, ikkje belastning. Riktig formidling vil også skape vinning for både skule og kyrkje.

Tre former for samarbeid

Eg har også snakka med noverande kateket, Beate Nes. Ho kunne fortelje at det fins tre former for samarbeid mellom kyrkja og skulen.

Den første forma er skulegudstenesta. Ho kan vere både i kyrkja eller i samlingsstund i skulen sine lokale.

Kyrkja og skulen har samarbeid knytt til jul, og noko samarbeid i forbindelse med påskefeiringa. Når det gjeld forma på skulegudstenesta har det nokre gongar vore i kyrkja, andre gongar samling på skulen saman prest eller kateket. Når ei samling skal gjennomførast skjer dette i samarbeid mellom skulen og representantar frå kyrkja, og det er i denne type samling skulen har plikt til å informere foreldre om fritaksretten, og eventuelt tilby alternative opplegg.

Den andre samarbeidsforma tek utgangspunkt i læreplaner og kompetansemål for fag. Kyrkja og skulen i Hornindal ligg svært nær kvarandre, noko som gjer det lett for skulen å besøke kyrkja når det er tema som for eksempel kyrkjemusikk, kunst, gudsteneste, Bibelen, arkitektur, symbolikk, organisasjonar i læreplanen. Det er ikkje berre i RLE-faget kyrkjebesøk er aktuelt, men også i for eksempel kunst og handverk, musikk, og når elevane lærer om kultur. Her gjerast det avtaler etter kvart som det blir aktuelt. Det ligg også til rette for at prest eller kateket kan besøke ei skuleklasse på skulen.

Den tredje og siste samarbeidsforma er ved dødsfall og kriser. Dette samarbeidet har ikkje utgangspunkt i læreplanen eller lærestoff, men skulen står fritt til å nytte kyrkja sin kompetanse dersom behovet melder seg.

Ei verdifull kyrkje

Den 158 år gamle kyrkja i Hornindal er altså utstyrt med mykje verdifull inventar. Til dømes er altertavla av Dagfinn Werenskjold,

skulpturar av bilethoggaren Anders Svor og ein vakker lysglobe frå 2006 noko av det som prydar kyrkja innvendig. I tillegg er kyrkja vakkert utforma frå utsida, og er omringa av ein gravstad som til deriblant inneheld to minnesmerker; eit for Anders Svor og eit til minne om ungdommane frå Hornindal som omkom under krigen. Hornindal barne- og ungdomsskule som ligg like ved kyrkja, har god moglegheit til å nytte seg av kyrkja i undervisninga. Representantar frå kyrkja eg har snakka med, har opplevd samarbeidet mellom skule og kyrkje som positivt og vellukka.

Lærarstudent Emilie Hofseth





Julekonsert med Lostrupane og Georg Lipai

*Onsdag 10. og torsdag 11. desember kl 20.00 vil
Lostrupane halde julekonsertar i Loen Kyrkje*



Velkomne til ei hyggestund i Loen Kyrkje.

Foto av Lostrupane teke i Loen Kyrkje 15. des. 2010.

Lostrupane tel 50 songarar og er eit allsidig kor med breitt musikalsk spekter. Ser vi bort frå minikonsertane på juleaftan gudstenesta, har Lostrupane tidlegare år helde julekonsertar i større kyrkjer i nabobygdene, men vil i år støtte opp om "heimekyrkja" – Loen Kyrkje. Med seg har dei fått vår ikkje ukjende songar og musikal Georg Lipai som gjesteartist. Dei vil også invitere lokale born til å delta i programmet. Dette blir ein tradisjonell julekonsert med kjende julesongar som dei fleste har eit kjærte forhold til. I tillegg blir det ein smak av julesongar frå Slovakia.

Juleaftan gudstenesta i Loen kyrkje

I over 20 år har Lostrupane delteke ved alle juleaftan gudstenestene i Loen kyrkje, og startar med å synge julesongar i ein minikonsert 30 minutt før gudstenesta startar. Også i år vil Lostrupane delta med sin vakre song.

Julekrybbe til Hornindal kyrkje

~ Anne Lødemel Honningsvåg ~

Hornindal kyrkje fekk for ei tid sidan ei utskora julekrybbe i gåve frå Rasmus O. Lødøen. Han er oppvaksen på Kongsberg, men far hans kom frå Lødøen. Julekrybba er laga av James D. Chinkondenji, frå Malawi, som er ein treskjerar som m.a. har hatt oppdrag frå presidenten i Malawi med å lage gåver i samband med offisielle besøk som Pave John og dronning Elisabeth. James har også utsmykka katolske kyrkjer i Tyskland og Kenya, og han har gått på Raulandsakademiet for å lære akantusskjering og hatt open verkstad på Telemarkstunet. Hornindal sokneråd takkar for gáva, som vil verte plassert i kyrkja og sett fram i advents- og juletida.



Ei lita adventsforteljing

for born i alle aldrar



OKSEN

Ein gong for lenge sidan, i eit land langt borte, budde det ein okse. Oksen var stor og sterk. Han kunne trekkje plogen heile dagen utan pause. Han kunne dra den store, tunge vogna så fort av stad at ho nesten velta. Han kunne trampe med den eine foten og brøle så høgt at alle sprang unna. Til og med flugene var redde for han. Dei flaug sin veg berre han vifta med den lange halen sin. Men om kvelden var oksen sliten. Då gjekk han inn i stallen sin og åt høy og drakk vatn. Så la han seg ned på golvet, med hovudet mot døra. – Dette er min stall, tenkte han. – Her er det eg som bestemmer. Og dersom nokon andre prøver å kome seg inn her, så skal eg stange dei ut att!

ESELET

Ein kveld då oksen skulle gå inn i stallen sin, høyrde han at det var nokon der inne. Nokon som trampa og tygde og laga rare lydar. Nokon hadde gått inn i stallen hans utan lov! Oksen blés i nasen og sprang inn. Og der, på soveplassen hans, stod eit esel. – Kom deg ut av stallen min! brølte oksen. – Elles stangar eg deg ut! – Det greier du ikkje, sa

eselet.

– Eg er eit esel og eg flyttar meg berre når eg sjølv vil. Forresten er eg bunden fast! Eg skal nemleg vere her i natt. Dei som eig meg leitar etter ein plass å bu. Men eg skal sove her. Eg har gått så langt, og no er eg så frykteleg sliten! Eselet gjespa og lèt att auga. Oksen stod ei stund og skrapa med foten og vifta med halen. Så gjekk han og la seg. I den bortaste kroken, med ryggen mot eselet!

MARIA OG JOSEF

Oksen og eselet låg i stallen og sov. Men dei fekk ikkje sove lenge. Seint på kvelden gjekk stalldøra opp og ein mann og ei dame kom inn.

– Det er Josef og Maria, sa eselet.

– Det er dei som eig meg. No er det like før babyen deira skal bli født. Men dei har visst ikkje funne nokon plass å bu.

Oksen reiste seg og gjorde seg så stor og brei han kunne. – Dei får i alle fall

ikkje lov å bu her, i min stall, brølte han. Men Maria gjekk bort til oksen og klødde han i panna, midt mellom dei spisse, farlege horna. Og med eitt var ikkje oksen sinna lenger. Han strakte ut ei lang tunge og slikka Maria på handa. Så la han seg ned, tett inntil veggen. Midt på golvet vart det akkurat plass til Maria og Josef.

JESUSBARNET

Det var trongt i stallen. Maria låg på golvet med hovudet på magen til eselet. Josef satt inntil oksen og heldt Maria i handa. Oksen sov litt, men med eitt høyrde han eit lite barn som skreik. Han opna auga, og der låg Maria med ein liten, nyfødd gut i armane sine. – Han heiter Jesus, sa eselet. – Men eg trur han frys. Han har jo ikkje nokon seng og ikkje nokon dyne.

– Han kan låne krubba mi, sa oksen.

– Ho er full av høy, og høy er både mjukt og varmt.

Maria smilte. Ho tulla Jesusbarnet inn i eit tøystykke og la han i krubba. Oksen og eselet la seg tett inntil krubba så Jesus ikkje skulle fryse. Og utanfor song englane



Ny kyrkjelydspedagog

~ Knut Gjengedal ~

I byrjinga av september begynte Janet Rudolph i eit årsvikariat som kyrkjelydspedagog. Ann Elin Aabrekk Lie har svangerskapspermisjon, men kjem tilbake i stillinga neste år.

Kven er Janet Rudolph?

Ei livsglad og optimistisk dame som liker å jobbe med små og store barn.

Menneske er det mest spanande tema som finst. Vi har dei same biologiske føresetnadane for å leve i godt fellesskap, kjenne på eigne og andre sine behov og for å kunne ta avgjersler og ansvar. Livet er ei gåve og ganske kort, slik at vi burde gjere det lett og fint for kvarandre og det absolutt beste ut av det. Til dagleg er alle flinke med noko og vil det same. Gi ros og kjærleik, gi så mykje du kan.... det er no mi meining!

Eg er opphavleg frå Tyskland, men har budd i vakre Loen i 5 år og i fagre Stryn i 6 år. Eg har vakse opp i Aust Tyskland, var 15 når muren falt. Vi hadde det trygt og godt som barn, slik som her. Frå Tyskland har eg økonomisk utdanning og eg er oppmålingsingeniør. I Norge begynte eg med grunnskulelærerutdanning etter at eg har jobba i barnehage, skule, på Nasjonalparksenteret, som guide i turistbussar og i storfamiliebedrifta Hotel Alexandra/Loenfjord. Vi har to herlege jenter og utan mannen min hadde eg ikkje klart å kunne gjere det eg har lyst til. Takk til mannen min Thomas Heller.

Kvifor søkte du på jobb i kyrkja?

Det var fleire tilfelle som gjorde at eg ein dag sat på kyrkjekontoret saman med kateket Beate Nes og kyrkjeverje Lise Hetle, og eg søkte på jobben. Vi vart alle tre glade for å vere på rett plass til rett tid. (Kven har vel hatt ein finger med i spelet???) Eg likar å organisere,



har pedagogikken litt i sjela og elsker å synge. Når eg kjem inn i ei kyrkje får eg fred og ro i hjartet mitt. Begge jentene våre er døypte i Tyskland (slik at oldemødrene fekk vere med) og eg har opplevd mykje fint i kyrkjene i heile mitt liv. Spesielt i Tyskland i fjor, der vi tok oss eit kultur- og eventyr år med heile familien. Kjekt å halde på med noko som passer midt i blinken og gir deg

mykje energi.

Kva arbeidsoppgåver skal du ha ?

Trusopplæring for barn og unge frå 0 til 18 år. Hittil har det vorte mest babysong og konfirmantundervisning. Snart skal eg på nattcup med konfirmantar og ha Lys Vaken-opplegg i kyrkjene i Indre Nordfjord. Etter nyttår, når trusopplæringsplanen etterkvart blir ferdig, blir det fleire oppgåver.

Korleis likar du arbeidet hittil?

Eg synest babysong i Stryn er veldig koseleg. Dette har vi på tysdagar kl 10.30 i Betania. Dei som er interessert kan fylgje med på facebookside vår. Vi syng, dansar og deler erfaringar. Mødrene får god nærkontakt med dei små under dei har fått og babyane får høyre den vakraste stemme som finst, mamma si stemme. Snart skal vi bake før samlinga og eg gleder meg til kvar tysdag. I konfirmantundervisninga jobbar eg saman med presten Knut Gjengedal og vi utfyller kvarandre. Eg trur at konfirmantane lærer noko for livet og har det gøy i Betania. Vi studerer bibelen og lærer oss å be og å takke for det vi har og det vi er. Eg er forresten veldig glad for å få lov til å jobbe ilag med svært kjekke, musikalske og kreative menneske som Knut Gjengedal, Harald Runde, Mari Saltkjel, Anne Honningsvåg, Lise Hetle, Margrete Lillestøl, Galya Radeva Radkova, Oddvar Bergset og sist, men iallfall ikkje minst, Beate Nes.

Voksne for Barn

~ Sidsel Bergset ~

Voksne for Barn er ein landsomfattande organisasjon som arbeider for å hjelpe barn og unge med å meistre psykiske utfordringar i livet. Organisasjonen har lokallag i fleire fylke, men det har inntil nyleg ikkje vore eit slikt lag i Sogn og Fjordane.

Dette ville Ann Iren Ulvedal gjere noko med. Ho har vore knytt til organisasjonen i mange år, og har gjennom arbeidet sitt med born og gjennom utdanninga si opplevd at det arbeidet denne organisasjonen gjer, er svært viktig. Då dottera hennar, Trude Silje, etter mange år med psykisk sjukdom ikkje klarte livet lenger, var det akkurat engasjementet innan denne organisasjonen som gav litt meining med livet i ei tung tid. Trude Silje var utdanna lærar og hadde sjølv nytta organisasjonen mykje. Hennar blick var retta mot barn og elevar som hadde dårleg sjølvkjensle og ikkje alltid meistra dei krav samfunnet stilte til dei. I VFB fann ho dei verdiane ho sjølv hadde og var mest opptatt av. Ho visste personleg kva som kunne bety alt for eit ungt menneske som har vanskar med å takle utfordringane i livet.

Ved påsketider i 2014 tok Ann Iren kontakt med nokre ho kjende som på kvar sin måte var engasjerte i born og unge. Dei vart samde om å få til eit lokallag i Sogn og Fjordane. Margunn Lødemel, Lillian Rebni Heimlid, Astrid Berglid Bakken og Linda Hopland Bergset er med i styret, forutan Ann Iren Ulvedal, som er leiar i Indre Nordfjord lokallag av Vaksne for Barn, og altså det første i Sogn og Fjordane.

Vit at du er god nok.

Dette var Trude Silje Ulvedal sin hovudbodskap både i livet og i arbeidet sitt som lærar. *Gje born og unge tru på at dei er gode nok som dei er!* Og denne tanken vil det nye lokallaget føre vidare. I ei samtale med Ann Iren Ulvedal og Astrid Berglid Bakken fortalde dei to om organisasjonen og arbeidet i lokallaget. Og dei fortalde med engasjement! Dei vil at vaksne må bli flinkare til å

lytte og sjå!

Her er nokre viktige punkt som dei streka under: *Vaksne må vere til stades i born og unge sitt liv. Må vise dei interesse og engasjement. Dei må ikkje berre høyre, men ha "Lyttstyrke" Det betyr å lytte til det som er bak orda, «lytte med hjartet» bry seg om å høyre på dei og gje dei tid, lytte meir enn å snakke sjølv eller «ta over» samtalen ved t.d. å snakke om noko anna.*

Sjå barn og unge!

Ta born og unge på alvor, spørje dei direkte spørsmål. Tore å vere tydelege vaksne som kan rettleie og støtte på ein respektfull måte.

Lokallaget samarbeider både med off. instansar og frivillige organisasjonar. Eit døme på dette er samarbeid med Kirsten Flaten, høgskulelektor i Sogn-dal. Saman skal dei arrangere kurs for foreldre med engstelege born i førskulealder.

Vil du verte medlem av Voksne for Barn, kan du ta kontakt med lokallaget eller direkte med organisasjonen www.vfb.no

Dersom du som vaksen ynskjer å drøfte ei bekymring eller noko som er vanskeleg angående barn og unge, kan du nytte VFB sin *Bekymringstelefon*: 810 03 940.

Alle born og unge treng vaksne som «bryr seg» på ein positiv måte, syner dei interesse og let dei forstå at dei er gode nok!

Arbeid i lokallaget Voksne for Barn

* *Drive førebyggjande arbeid når det gjeld psykisk helse*

* *Kompetanseheving av styret, som igjen kan arrangere møte og kurs for andre*

* *Snakke borna si sak på dei arenaer det er mogeleg, både i media og i spesifikke saker*



Symbol for VFB sitt lokallag i Indre Nordfjord. Teikninga laga Trude Silje og kalla den omsorg.

forts. frå side 16

er stort å ha fått lov til å vere ein lyttepost i det norske samhaldet alle desse åra, sjølv om det beste hadde vore at det ikkje var nødvendig med ei døgnopå og anonym kriseteneste. Håpet til vårt er at det skal bli stadig mindre bruk for tenesta – men så lenge det finst menneske som treng nokon å snakke med når livet er som verst, så skal vi gjere vårt for å fortsetje å vere tilstade. Alltid.

«Kirkens SOS er der alltid.

Lyttende medmennesker, som er klar for å være noen lys for andre i et mørke.

For meg er dere veldig viktig, og denne dagen i dag, er kanskje helt spesiell.

Jeg skulle aldri blitt 20...

Å velge livet er kanskje det viktigste jeg har gjort.

Flere ganger har jeg ringt Kirkens SOS og vært fortvilet og uten å se verken håp eller noe lys...

inntil noen har tatt opp telefonrøret og sagt et "Hallo..."

Det er noen ganger alt som skal til, at noen hører, så jeg kan være akkurat meg, og ingen andre, og fortelle det jeg har på hjertet.»

Salmen min

~ Lene Hopland Bergset ~

Noen må våke i verdens natt

Tekst: Svein Ellingsen

Noen må våke i verdens natt,
noen må tro i mørket,
noen må være de svakes bror,
Gud la din vilje skje på jord!
Hjelp oss å følge ditt bud!

Noen må bære en annens nød,
noen må vise mildhet,
noen må kjempe for andres rett,
Gud la ditt rikes tegn bli sett!
Hjelp oss å følge ditt bud!

Herre, du våker i verdens natt,
Herre, du bor i mørket,
Herre, du viser oss Kristi dag!
Selv under livets tyngste slag
er vi hos deg, du vår Gud!
Amen, amen.



passar til feiring, andre til sorg og eg trur der finst ei salme til nesten alle delar av livet. Salmen eg enda opp med å dele her, er ein salme som stadig kjem attende til meg, både på gode og meir utfordrande dagar. For meg inneheld den ein god kombinasjon av håp og utfordring, noko eg treng både på gode og meir utfordrande dagar.

Det er Svein Ellingsen som har skrive «Noen må våke i verdens natt». Han har skrive mange salmar som betyr mykje for mange. Han har eit eige lag med ord og er ikkje redd for å snakke sant om livet i salmediktinga si. Olav Skjevesland skreiv om Svein Ellingsen at han «har bygget mange salmehus

som sårede veifarende kan flytte inn i når livets slag rammer.» Dette trur eg stemmer godt, og «Noen må våke i verdens natt», er ikkje noko unntak. Den minner om at vi alle på ulike tidspunkt både kan vere den som treng nokon som vaker med oss, kjempar for oss og bryr seg, og at vi kan vere den som stiller opp.

Som tilsett i Kirkens SOS, Noregs største kriseteneste på telefon og internett, så har ikkje denne songen fått noko mindre meaning. For der er det nokon som vaker i verdas natt og trur i mørke, døgnet rundt. Frivillige som er klare for både å vise omsorg og kjempe på livet si side i møte med menneske som har det så vanskelig at dei ikkje veit om dei held ut livet lenger.

Eg skreiv innleiingsvis at noko av det eg set mest pris på med denne salmen er at den inneheld ein god kombinasjon av håp og utfordring. Utfordringa er at vi alle vert utfordra til å bry oss og vere tilstade i verdas natt. Og håpet – det ligg i at vi alltid har nokon som stiller opp for oss, sjølv når ikkje menneska rundt oss strekke til, for Gud er med oss i mørket.

Utfordrar vidare Lillian Heimlid til å dele sin salme

Takk til Ann Kristin Langeland for moglegheita til å velje ein salme å dele. Det finst mange vakre og meningsfylde salmar å velje mellom. Nokre

Kirkens SOS

~ Lene Hopland Bergset ~

Treng du nokon å snakke med?

Om svaret er ja, så finst det ein stad å ringe til. Ein stad der det døgnet rundt sit eit frivillig medmenneske klart til å ta imot nettopp deg, din tankar og dine kjensler, og slik har det vore i 40 år.

Kirkens SOS er Noregs største kriseteneste på telefon og internett. Ei døgnopnå kriseteneste som aldri stengjer. Om det er natt eller dag, jul eller sumar så stiller nokre av dei til saman 1000 frivillige opp for å kunne svare dei som tek kontakt. I fjor svara dei på over 183 000 henvendelsar frå menneske som av

ulike årsaker trengde nokon å snakke med.

Kvar time, kvar dag snakkar frivillige i Kirkens SOS med menneske om livet, om døden og om alt som er i mellom. Dei spør etter dei mest vonde tankane og lyttar når dei vert fortalde. Smerte og sorg diskriminera ikkje. Det rammar alle. Skam, kjensla av å ikkje få det til, frykta for å få det slik igjen – alle kjensler som er råd å kjenne igjen, og forstå. Er det noko Kirkens SOS veit etter 40 år som kriseteneste, så er det at det både er normalt og vanleg og ikkje alltid ha det bra. Heldigvis så er det også vårt privilegium og vite og ha opplevd at håp og hjelp er like ekte som smerta. Og vi veit at heilt vanlige menneske kan redde liv og at det kan skje

gjennom noko så enkelt og samstundes så vanskelig som det å bry seg og tørre å vere tilstade for kvarandre. For nokre gonger er det nok å spørje nokon om korleis dei eigentleg har det – og ta seg tida til å lytte til svaret.

Kirkens SOS feirar 40 år i år, og ser attende på det som har vore 40 år med sannferdige samtaler og modige møter. 40 år i verd som er både god og vond. 40 år med millionar av samtaler frå folk flest, om kampar som opplevast tapt, men også om alle dei har vunne. Historier om liv som kjennast på lag umoglege å leve, men også forteljingane om gleda over å velje livet tross alt. Det

forts. side 15

Oddny under open himmel

Barndomen ei kjelde

I den 7.sansen er der nokre blanke sider. Der bruker eg å skrive ned gode og kloke utsegn som eg har lese eller høyrte. Eit av dei eg har skrive dette året er: *“Barndommens rikdom er som en kilde vi øser fra hele livet.”* Setninga er skriven av Thøger Larsen.

Dei viktigaste åra i livet er barneåra. Det har du sikkert høyrte mange gonger. Så kjære foreldre og besteforeldre, gje borna gode opplevingar! Det vert ein skatt for framtida. Frå dei første leveåra kan vi framkalle få barneminne, men frå 5-6 års alderen har vi mange. Som vaksen går vi stadig tilbake til desse opplevingane.

Ein av landets leiande politikarar, Jonas Gahr Støre, sa det slik i eit avisintervju i mai: *“En god barndom varer livet ut, og det gjør også en dårlig barndom”.*

Arbeidt med barn og unge

Eg har vore så heldig og fått arbeidt med barn og unge i mange år. Det er eg mykje takksam for. Eg er også takksam for dei mange møte med foreldra til borna. Eg sit att med kjensler av at vi har gode heimar omkring i bygdene våre, men eg veit her finst dei som har problem av ulike slag..

Fronta framfor Stortinget

I sommar har ein mann stege utanfor Stortinget nokre timar kvar veke. Han har delt ut heime-laga flygeblad, halde opp ein plakate, snakka med folk og ikkje minst politikarar. Kravet hans var: *Vinmonopolet må vere stengt på julaften!* Han er forfattar og har skrive

ope om korleis det var å vere son til ei alkoholisert mor. Faren hans døyvde tidleg. Mora døyvde sorga med alkohol, og ho vart ikkje gammal. No har han gjort seg til talsmann for barn av alkoholikarar. Vi veit at Regjeringa varsla ei endring av opningstidene til Vinmonopolet. Det har vore stengt nyårs-, påske-, pinse-, og julaften.

Der han stod, fronta han saka si. Han bad helseministeren om å bevare julaften som Vinmonopolfri dag. Han varsla at han ville ikkje gje seg før det var politisk fleirtal for kravet hans. Etter kvart gjekk fleire parti inn for kravet hans, og til slutt var der fleirtal.

Ein aksjon frå ein enkel person har ført til heilomvending i det politiske miljø i denne saka. Og ikkje mindre enn 23 organisasjonar har støtta han.

Han skreiv i ei avis i haust: *“Jeg har mange gonger den siste tiden tenkt: En bønn vil hjelpe. Og slik jeg ser det har det hjulpet”.*

Alkohol kan både kjøpast og lagrast, men lat oss be om at alle barn og foreldre må få ein trygg og god julaften! Saka har sett både barn og julaften i fokus.

”Jula - ett forstørrelsesglass”

stod det som overskrift på eit stykke i eit hefte til jula 2011. Jula aukar gleder, freden og fellesskapen, men jula aukar også det som gjer vondt.

Det mørke og triste kjennest ekstra tungt då. Lat oss

~
Av
Oddny
Torheim
~



difor vise ekstra omsorg for andre i denne tida, og lat oss dele av overfloda vår!

Ei lita overrasking kan oppmuntre stort. Ei kvinne fortalde at ho fekk ein telefon ein søndagskveld. Mannen som ringde, fortalde at han hadde vore på vitjing til ho, men ho var ikkje heime. Han fortsette: *“Er du heime i morgon? Eg har ei overrasking til deg”.* På måndag kom han. Det vart vitjing, og overraskinga vart overrekket, og det var to sylteglas. *“Det var ei oppmuntring for meg”*, sa kvinna.

“Det som du gav, kan ingen ta frå deg.”

Eg vil avslutte med eit tredje visdomsord. *“Det som du gav, kan ingen ta frå deg.”* Det vart sagt av Arnulv Øverland.

**Gje med glede, og
må vi alle få ei
velsigna advents-
og juletid!**



*Lat oss be
om at alle barn og foreldre må få ei
trygg og god julaften!*



Slekt skal følge slekters gang



Hornindal

Døpte:

- 31/8 Ella Øen Omberg. For. Solgunn Øen og Nils Jørgen Omberg
21/9 Ulrik Nistad Faulk. For. Marita Nistad og Bruce Faulk
21/9 Magnus Bøe Muldsvor. For. Anita Bøe og Arne Muldsvor

Døde:

- 26/8 Nelly Bergit Maurset f. 1921
29/8 Ola Martin Nygård f. 1925
18/10 Sigbjørn Alv Hjellbakk f. 1935

Nordsida:

Døpte:

- 5/10 Cathrine Steinsåker Veddegjerde. For. Anette Steinsåker og Bernt Veddegjerde

Døde:

- 26/8 Vemund Bergset f. 1930
10/9 Målfrid Teigen f. 1918

Utvik

Døde:

- 2/4 Einar Frøyset, f. 1937.
6/4 Ruth Loen, f. 1920.
8/4 Harald Bruland, f. 1918

Innvik

Døpte:

- 27/7 Liam Bruland – Oakley. For.: Craig Oakley og Sonja Helen Bruland.

- 27/7 Astrid Synnøve Bruland Tonning.. For.: Geir Bruland Tonning og Elisabeth Bruland Tonning.
10/8 Markus Aaning Verlo. For.: Rolf Jonny Verlo og Anita Valaker Aaning..

Døde:

- 20/3 Oddvar Dagfinn Vanberg, f. 1941.
11/5 Borghild Chrisiansen, f. 1925.
07/6 Gunnvor Brita Skåden, f. 1920.
15/7 Lars Reme, f. 1922.
24/7 Emma Skåden Dragesæt, f. 1925.
02/8 Aud Lyslo, f. 1924.

Olden

Døpte:

- 16/3 Olvia Opheim Flåten. (Døpt i Loen) For: Erik Flo Flåten.
25/5 Mia Henningsen Gjerde. (Døpt i Ljosheim) For.: Frode Gjerde og Tina Henningsen.
26/5 Alma Marie Gjertsen – Høgalmen, for.: Nils Roger Høgalmen og Hege Gjertsen.
29/6 Elina Aabrekk Lie (Døpt i Nedstryen) For.: Kenneth Lie og Ann Elin Aabrekk.
28/9 Wilma Sunde Tenden. (Døpt i Loen) For.: Per – Jonny Tenden og Cecilie Sunde.
05/10 Mathias Garlid Aaram, for.:

Knut Arne Aaram og Maria Torsvik Garlid

Oppstryn

Døpte:

- 14/9 Malin Berstad Lødemel. For. Ruth Berstad Lødemel og Øyvind Lødemel
14/9 Albert Keilen Erdal. For. Ragnhild Keilen og Bjørn tore Erdal

Vigde:

- 20/9 Svea Johanna List og Håvard Andreas Fjeldheim

Døde:

- 12/8 Reiel Folven f. 1941
24/8 Kari Nesheim f. 1932

Nedstryn

Døpte:

- 19/10 Anna Heggstad Ommedal. For. Gunnhild og Rune Heggstad Ommedal
19/10 Villiam Mundal Olsen. For. Monika Mundal Olsen og Bjarte Medby Olsen

Døde:

- 22/8 Erling Jon Hatledal f. 1922
15/9 Solfrid Åse Bø f. 1940
15/9 Agnes O. Haugen f. 1924
20/9 Sigrunn Kirkeeide f. 1948

Loen

Døpte:

- 31/8 Mailén Beinnes Aldeholm. For. Charlotte og Tom Erik Beinnes Aldeholm
28/9 Wilma Sunde Tenden. For. Cecilie Sunde og Per-Johnny Tenden

Døde:

- 5/10 Reidun Beinnes f. 1930

forts. frå side 19

-Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
-Nedstryn 18:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

15. februar; Fastelavnssundag – Joh 12, 20-33

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

22. februar; 1. s i fastetida – Matt 16, 21-23

-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

01. mars; 2. s i fastetida – Luk 7, 36-50

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Mari

Saltkjel

-Innvik 16:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

08. mars; 3. s i fastetida – Mark 9, 17-29

-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
-Hornindal 15:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisene

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

22. november; laurdag

Nordsida 13:00 Julebasar

23. november; Domssøndagen / Kristi kongedag – Matt 25, 31-46

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Hornindal 11:00 Lys Vaken. Ved Mari Saltkjel

-Loen 16:00 Katolsk messe

29. november; Laurdag

-Loen 16:00 Katolsk messe

30. november; 1. s i advent – Luk 4, 16-22a

-Nedstryn 11:00 Lys Vaken. Ved Knut Gjengedal

-Innvik 11:00 Adventsgudsteneste. Ved Harald Runde

-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Olden 15:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Tårnagentane deltek

07. desember; 2. s i advent – Luk 21, 27-36

-Utvik 11:00 Lys Vaken. Ved Harald Runde.

Kyrkjekaffi

-Randabygd 12:00 Gudsteneste og kyrkjelydsbasar. Ved Mari Saltkjel

-Loen 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

10. og 11. desember, onsdag/torsdag

Loen kl 20:00 Julekonsert med Lostrupane

13. desember; Laurdag

Hornindal 16:00 Julekonsert. Desse vert med Helga Botn med pianist, Hornindal musikkorps, Austefjord hormusikk og Hornindal songlag.

14. desember; 3. s i advent – Luk 3, 7-18

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Omsorgsenteret, Hornindal 16:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Kyrkjekaffi kl. 15:00

-Olden 16:00 Julekonsert

-Utvik 16:00 Julekonsert

-Innvik 18:00 Julekonsert

-Loen 16:00 Katolsk messe

18. desember; Torsdag

-Oppstryn 20:00 Vi syng jula inn

21. desember; 4. s i advent – Luk 1, 39-45

-Ljosheim, Oldedalen 11:00 Førjulgudsteneste. Ved Harald Runde

-Nordsida 15:00 Julekonsert

-Nedstryn 20:00 Julekonsert

24. desember; Julaftan (onsdag) – Luk 2, 1-20

-Randabygd 13:00 Julegudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Loen 14:30 Julegudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Olden 14:30 Julegudsteneste. Ved Harald Runde

-Utvik 14:30 Gudsteneste. Ved lek gudstenesteleiar

Nordsida 15:00 Julegudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Innvik 16:00 Julegudsteneste. Ved Harald Runde

-Nedstryn 16:15 Julegudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Loen 16:00 Katolsk messe

25. desember; Juledag – Joh 1, 1-14

-Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde

-Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal

26. desember; 2. juledag –

-Misjonsheimen, Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

-Nordsida 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Mari Saltkjel

28. desember; Søndag

-Loen 16:00 Katolsk messe

31. desember; Nyttårsafta – Joh 14, 27

-Hornindal 15:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

2015

01. januar; Nyttårsdag / Jesu namnedag – Matt 1, 20b-21

-Nedstryn 12:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Utvik 12:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

-Loen 16:00 Katolsk messe

04. januar; Kristi openberringsdag – Luk 2, 40-52

-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

11. januar; 2. s i openberringstida – Mark 1, 3-11

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Loen 16:00 Katolsk messe

18. januar; 3. s i openberringstida – Joh 4, 4-26

-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Oppstryn 16:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

25. januar; 4. s i openberringstida – Joh 9, 1-7. 35b-38

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

-Utvik 16:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

01. februar; såmannssundag – Mark 4, 26-34

-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

08. februar; Kristi froklaringsdag – Mark 9, 2-13

-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

forts. side 18



Juleevangeliet

som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

Brått var det ein stor himmel hær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

”Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!”

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrte og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef og fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davids byen,



KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca 12. mars. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Stoff kan sendast på e-post til: post@kyrkjeklokke.no innan 13. februar.